



NYE VOLDA KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval: **Fellesnemnd for nye Volda kommune**
Møtestad: **Voldsfjorden, Volda rådhus**
Dato: **07.05.2018**
Tid: **14:00**

Faste medlemer som møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Stig Olav Lødemel	Leiar	H
Jørgen Amdam	Nestleiar	AP
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Randi Langlo	Medlem	AP
Eldar Engelund	Medlem	SP
Bente Tryggestad	Medlem	SP
Brynhild Lund Notøy	Medlem	V

Faste medlemer som ikke møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Sølvi Dimmen	Medlem	SP

Varamedlemer som møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Margrete Trovåg	Sølvi Dimmen	AP

Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Rune Sjurgard	Prosjektleiar, Nye Volda
Ann Kristin Langeland	Rådmann, Hornindal
Asbjørn Moltudal	Ass. Rådman, Volda

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 22/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 23/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 24/18	Møteregrlement for Fellesnemnda
PS 25/18	Orienteringssaker
OS 25/18	Nytt medlem i Fellesnemnda gjeldande frå 01.05.2018
OS 26/18	Orientering om ROS-analyse i samband med bygging av nye Volda kommune
OS 27/18	Orientering om digitaliseringsstrategi
OS 28/18	Protokoll frå Kyrkjeleg fellesnemnd for Nye Volda den 25. april 2018
OS 29/18	Sunnmøre Kulturnæringshage - Tilskot til etablering av Smia utvikling.
OS 30/18	Vidare prosess for politisk organisering

PS 22/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling:

Ingen merknadar.

Sakliste:

Stig Olav Lødemel med ønske om ekstra orienteringssak om vidare prosess for politisk organisering.

Eldar Engelund med ønske om ekstra orienteringssak med diskusjon rundt folkemøte. Stig Olav Lødemel med forslag om å vente med folkemøte til hausten.

Røysting:

Innkalling og sakliste samråystes godkjent med merknadane frå handsaminga.

PS 23/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Odd Arne Folkestad med ønske om at røyster i Fellesnemnda, der det ikkje er samråystes, vert protokollert. Ei samråystes Fellesnemd støtta forslaget.

Elles ingen kommentarar til møteprotokollen.

Røysting:

Møteprokollen frå sist møte samråystes godkjent.

PS 24/18 Møteregrlement for Fellesnemnda

Administrasjonen si tilråding:

Fellesnemnda vedtek møteregrlementet slik det ligg føre som vedlegg til denne saka.

Handsaming:

Røysting:

Administrasjonens tilråding samråystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 07.05.2018

Fellesnemnda vedtek møteregrlementet slik det ligg føre som vedlegg til denne saka.

PS 25/18 Orienteringssaker

OS 25/18 Nytt medlem i Fellesnemnda gjeldande frå 01.05.2018

Leiar Stig Olav Lødemel orienterte kort om at Sølvi Dimmen (SP) kjem inn for Fride Sortehaug (V), som har fått fritak frå politiske verv frå og med 01.05.2018.

OS 26/18 Orientering om ROS-analyse i samband med bygging av nye Volda kommune

Ass. Rådmann i Volda, Asbjørn Moltudal, orienterte om prosess for ROS-analyse som den administrative styringsgruppa har utført for å vurdere potensielle negative hendingar som kan skje i samband med bygging av nye kommune.

Denne orienteringa vert gjort tilgjengeleg på www.nyevolda.no og vert sendt ut til Fellesnemnd-medlemmene som vedlegg til møteprotokollen.

OS 27/18 Orientering om digitaliseringssstrategi

Digitaliseringsrådgjevar Paul Ottar Tornes orienterte Fellesnemnd-medlemmene om nye Volda sin digitaliseringssstrategi. Det vert å førebu ei eiga sak på dette før sommarferien som skal opp til handsaming i Fellesnemnda.

OS 28/18 Protokoll frå Kyrkjeleg fellesnemnd for Nye Volda den 25. april 2018

Fellesnemnda tek møteprotokollen til vitande.

OS 29/18 Sunnmøre Kulturnæringshage - Tilskot til etablering av Smia utvikling.

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om habilitet, han er styremedlem i Sunnmøre kulturnæringshage, jf. fvl. § 6, 1. ledd, e. nr.2. Folkestad trekte seg tilbake og var ikkje med i diskusjonen av saka.

Leiar Stig Olav Lødemel og Jørgen Amdam orienterte kort om prosjektet. Både Hornindal og Volda kommunestyre har no gjort vedtak til å gi tilskot til prosjektet, der planlagt oppstart er frå august inneverande år.

OS 30/18 Vidare prosess for politisk organisering

Det vart delt ut utkast til høyringsnotat.

Administrasjonsutvalet vart i februar ferdige med eit utkast til ny politisk organisering i den nye kommunen. Jørgen Amdam orienterte kort om prosessen.

Utkastet er no klar for å bli sendt ut på høyring, og Fellesnemnda var samde om at ei høyringsperiode fram til 20. august, slik at ein kan vedta reglementet til møtet 6. september. Høyringsinstansen vert partigruppene og kommunestyra i dei to kommunane.

Møtet slutt kl. 16:08.

Rett utskrift,
Volda kommune, samfunn og rådgjeting
08.05.2018

Joakim Rødven
Kommunikasjonsrådgjevar